



Ola Matti Mathisen dukka opp over alt. På karneval på Uskedal skule kom to variantar av den travle redaktøren.

Ved siste månadsskifte runda Uskedalssida 10 år. I samband med det er redaktørskiftet omtala. No vil vi sjå litt tilbake til oppstartperioden, og i tillegg ta med litt småplukk frå dei første 10 åra etter at den pensjonerte avismannen Ola Matti Mathisen kom frå Lillehammer og vart redaktør i Uskedalen.

Uskedelingar i hard konkurranse

30.06.2006

Uskedal skulemusikk og Rosendal skulekorps har også i år delteke i Noregsmeisterskapen for skulekorps, brassband. Dei unge musikantane havna på trettendeplassen i den harde konkurransen. I tillegg hadde dei opplevelsesrike dagar i oljebyen og området rundt.

Uskedal/Rosendal framførte stykket 'In Switzerland' av Eric Ball.

Dommerkommentarane var svært positive og både korpsset og solistane fekk gode tilbakemeldingar tross den beskjedne plasseringa. Nivået er altså svært høgt for tida.



[Første saka som vart publisert på Uskedalen.no.](#)

Vi kjenner alle til den formidable innsatsen som Ola Matti Mathisen har gjort. Han har formidla det meste av det som rørte seg i bygda, ut til lesarane. Stadig på farten med skulderveska og kamera. Ingen har vore på fleire arrangement i Uskedalen siste åra. Ingen har vore publikum på fleire øvingar og konsertar med koret Røysterrett for alle. Han er truleg blant dei som har vore på flest møte på bedehuset, flest låvedansar på Dønhaug og knapt ein basar har vore avvikla utan han i salen. I tillegg har han sytt for at andre sider ved bygdelivet har vorte

fomidla ut til folket gjennom tastaturet på Skansen. Heile tida har han vore trufast mot ei ekstrem lokal linje i journalistikken.

Det var ei arbeidsgruppe frå Uskedal Utvikling som gjorde førearbeidet og fekk i gang uskedalen.no. Den var samansett av Sveinung M. Pile(dåverande leiar i UU), Kåre Guddal, Henrik Lyse og Magnhild Haugland i tillegg til Ola Matti Mathisen. Sjølv med nær 50 års erfaring frå avisbransjen, møtte Mathisen nye utfordringar ved oppstarten av nettavisa.

- Eg fekk i alle fall to sjokk, fortel Matti om dette. - Eg hadde aldri arbeidd med nettavis før, berre papir, og det var heilt nytt for meg å skriva på nynorsk. Eg hadde heile mitt liv brukt bokmål.

- Det med nynorsken har vel gått nokolunde bra, for eg har berre motteke ei bemerkning frå ein filolog frå ei av nabobygdene. Når det gjeld nettarbeidet, kom det godt med at det var gode hjelparar i arbeidsgruppa, legg han til.



Det gamle trelastlageret på Eiklandet blir erstatta av einebustadar.(Foto: Ola Matti Mathisen)

Eit nytt bustadprosjekt er no på tur i Uskedalen. Det gamle trelastlageret på Eiklandet, som er seld til Uskedalen Eigedomsutvikling (Arild Lillenes), blir erstatta av seks til åtte frittliggande einebustader på to til tre etasjer.

Bygggestarten skal skje til vinteren, fortel Arild Lillenes til Kvinnheringen. Teiknearbeidet er no i gang og deretter skal kommunen søkjast om byggjeløyve.

Det har alt meldt seg interessentar til husa.

Første saka som vart presentert med bilde.

Når det gjeld det tekniske arbeidet både rundt oppstarten, og i første halvdel av livet til nettavisa, gjorde Magnhild Haugland ein kjempejobb. Ingen av lesarane kjenner vel til den viktige jobben ho gjorde. For meg framstår ho som ei drivkraft i dette arbeidet. Ho var sentral i å få på plass avtale med Idrift og sytte elles for teknisk koordinering. Ho sette opp sida etter kva arbeidsgruppa meinte at dei skulle ha med. Ho sende ut førespurnad på annonsering til Uskedalsfirma i samarbeid med Kåre Guddal. Magnhild var også sentral i utforminga av logoen som etter det dei hugsar starta med eit framlegg frå Kåre Guddal. Manglande programvare

den gongen gjorde at ho fekk hjelp av Eskil Moen til utskjering av fjella. Hjernen bak slagordet Porten til Hardanger var etter det eg kjenner til Ola Matti Mathisen.

I oppstartsfasen var det mange undersider som skulle fyllast opp, og 30.juni vart første saka publisert. Det var om Uskedal skulemusikk/Rosendal skulekorps si NM-deltaking i Stavanger. Første nyhendesak med innlagt bilete var den tredje i rekkja. Den var om rivinga på Eikelandet.



Magnhild Haugland (næ rast) har gjort ein stor innsats for nettavisa. Anita Enæs har fleire år i redaksjonsnemnda, medan Klara Bakke i midten har vore aktiv i andre samanhengar i UU.

Etter ein hektisk førebuingperiode med mykje både av møteverksemd og nattearbeid, var det nok godt å koma i gong. Ola Matti Mathisen produserte så godt som alle sakene, sende daglege mailar med tekstar og bilete til Magnhild Haugland som hadde jobben med å publisera det på nettet.

Slik var arbeidsfordeilnga fram til 'pensjonisten' tok ei ny utfordring:

- Etter 4-5 år lærte eg vel å leggja inn stoffet sjølv. Det var ei betydeleg lette i prosessen, seier Mathisen og legg til at han i periodar hadde god hjelp av Karoline Neset til innlegging av stoff. Arne Rød hjelpte også tidvis til med dette.

Dei siste åra har uskedalen.no hatt ei redaksjonsnemnd som undergruppe i UU. Hans Ordin Østebø har vore ansvarleg for det tekniske i samarbeid med Tore Mathiesen. Han har også kontakten med Idrift, og var den som hadde mest å gjera i samband med fornyinga av sida i januar 2015.

For å få godt stofftilfang, er tipsarane heilt avgjerande.

- Fram til han døydde i 2011 var Torfinn Myklebust den beste tipsaren min. Med sitt kontaktnett, sin lokalkjennskap og sin journalistbakgrunn, var han også ein god og konstruktiv kritikar, seier Matti og legg til at mange har vore gode og viktige tipsarar. To namn han nemner er Arne Terje Haugland og Kristian Bringedal.

- Bjørgulv Eik har og vore ein spesialtipsar. Buande høgt oppe på Eik ser han cruiseskipa tidleg når dei kjem, og då har han vore flink å slå på tråden.

Det har vore vanskelegare å få folk til å delta i det journalistiske arbeidet. Her er det nok Thor Inge Døsland som har bidrege mest. Etter at han sende første artikkelen i august 2006, leverte han sporadiske bidrag første tida medan det dei seinare åra har vore tettare med sakene frå han. Derfor er det gledeleg at fleire no er i startgropa til å bidra i dette viktige arbeidet.

Nettsida har til no publisert godt over 14.000 nyhendesaker. Etter omlegginga januar 2015 har dei også publisert 275 lesarbilete og eit stort antal notisar. I tillegg ligg det mykje godt stoff under ulike faner. Drifta vert finansiert av sponsorane i høgre spalte og ved at arbeidet vert gjort på dugnad.

1.juli overtok Kristian Bringedal som redaktør etter Ola Matti Mathisen, og han er allerede blitt godt varm i trøya.

Uskedalen.no og innsatsen til Ola Matti Mathisen er lagt merke til langt utanfor Kvinnherad sine grenser. I februar 2012 resulterte det i innslag i både Vestlandsrevyen og Norge Rundt. Dette kjekke innslaget kan ein [sjå her](#).



[Sveinung Pile](#) var leiar i Uskedal Utvikling i oppstartingsåret.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.

Foto: Svein A. Sunde og Ola Matti Mathisen.